

# Økonomisk status 2024 og tiltak

Formannskap 25.04.24

v/Stabssjef Strategi og styring, Liv Myklebust, økonomirådgjevar Attila Eserman og kommunalsjef Teknisk Hans-Erik Ringkjøp

# Status sidan HST 21.03.24

- Infomøte og –e-post til alle leiarar
- Starta kartlegging av moglege innsparingstiltak
- Starta prognosearbeid til rapport for 1.tertial
  - Ligg an til noko mindre inntekter på sentrale postar (rammetilskot, skatteinntekter, kraftinntekter)
  - Ligg an til vesentleg meirutgifter i fleire tenesteområde
- Ny info
  - Meir refusjon for flyktningar (ca 2,6 mill)
  - Færre flyktningar – ca.100 nye i år og færre i mottak
  - Meirutgifter til pensjon for fast tilsette som jobbar legevakt og praksiskompensasjon for fast tilsette legar
  - Prognose lønsvekst: 5,2 % - føreset dekning i revidert nasjonalbudsjett

# Prognose sentrale inntekter og utgifter

(i 1 000 kr)	Budsjett 2024	Endring	Prognose 2024	Kommentar
Rammetilskot	- 616 600	- 3 600	-620 200	Noko prisvekst +0,9 mill i prosjektmidlar
Skatt på inntekt og formue	- 541 700	0	-541 700	Allereie budsjettert med noko vekst
Inntektsutjamning	- 57 000	0	-57 000	Svært usikkert
Eigedomsskatt	- 89 800	-600	- 90 400	Litt meir på næring og litt mindre på vasskraft
Utbyte	-31 500	5 200	-26 300	Lågare utbyte frå Eviny
Renter	68 648 og -31 420	0	68 648 og -31 420	Tatt høgde for renteauke
Avdrag	47 600	1 800	49 400	
Sal av konsesjonskraft (netto)	- 38 118	-1 500	- 39 618	Sikra til over marknadspris
<b>SUM</b>		<b>1 300</b>		Samla sett 1,3 mill.kr mindre
Integreringstilskot	- 97 000	7 000	- 90 000	Færre flyktningar

# Risiko for vesentleg meirforbruk (over 1 mill.kr)

Sannsyn for meirforbruk	Svært sannsynleg					
	Sannsynleg					Helse og omsorg
	Mogeleg					Oppvekst
	Mindre sannsynleg	Kultur og fritid	Teknisk			
	Usannsynleg	Adm og politisk				
		Lågt (0,1 mill +)	Middels (0,5 mill+)	Vesentleg (1 mill +)	Stort (5 mill +)	Svært stort (10 mill +)
Konsekvens (storleik på meirforbruk)						

# Tiltakspakke

	Koordinator	Status
Kartlegging innsparingstiltak (20 mill.kr)	Attila Eserman	Starta
Revurdering investeringsplan	Bjørg Nesheim	Starta
Hjelpeteam	Malin Gyllander	Starta
Oversikt over utgifter til ikkje-lovpålagt aktivitet	Liv Myklebust	Starta
Kostnad sjukefråvær	Mette Matthiessen	Starta
Rapportering økonomi til FPL	Liv Myklebust	Fyrste rapportering no
iPluss (langsiktig plan)	Liv Myklebust	Starta

# Status drøfting av innsparingstiltak

Status drøfting av innsparingstiltak	Laga mandat og sendt info til aktuelle leiarar	Kartlegge innsparingstiltak	lagt fram konkrete innsparingstiltak	Evaluert og drøftet tiltak	Lagt fram tiltak til politisk behandling	Gjennomført tiltak (dei for 2024)	Evaluering av måloppnåelsen
Helse- og omsorg				arbeidet I gang			
Oppvekst							
Teknisk							
Kultur og Fritid							
Administrasjon og Politisk							


- Gjennomført oppstartsmøte med Helse- og omsorg, Oppvekst, Stabsavdelingane, Teknisk og Kultur- og fritid
- Både små og store forslag til endringar som gjeld både effektivisering og/eller endringar av teneste og strukturen
- Dei fleste har lagt fram konkrete innsparingstiltak (nokre eksempel fylgjer)

# Utvalde innsparingstiltak som er drøfta – alle område

- Kartleggja kostnadsdrivarar
- Forbetra arbeidsprosessar
- Halda stillingar vakante (ledige)
- Redusera driftskostnadar – redusera innkjøp, avslutta nokre avtalar
- Redusera IKT-utgifter

# Utvalde innsparingstiltak som er drøfta – Helse og omsorg

Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon



- Tiltak: Omlegging av tenestetilbod, institusjonsplassar i omsorgstenestene
  - Redusera langtidsplassar
  - Samlokalisera kortidsplassar på Voss sjukeheim
- Vurdering:
  - Det kan sjå ut som tilbod om langtidsplassar kan reduserast noko, og likevel dekkja etterspurnad
  - Dekker behov i dag
  - Voss herad har framleis ei relativt høg dekningsgrad (sjå figur)




# Utvalde innsparringstiltak som er drøfta – Helse og omsorg

- Eit mogleg tiltak: Omdisponera ressursar knytt til helsehuset i Granvin
- Vurdering:
  - Gjev betre ressursutnytting av to yrkesgrupper det er krevjande å rekruttera til
  - Tilbodet vert per i dag gjeve 2 dagar i veka og det er få som tek kontakt med sjukepleiar og lege, så langt.

## Generell tilbakemelding frå Helse og omsorg:

- Me bør ikkje ramma førebygging - det er vanskeleg å talfeste men all forskning viser at me då vil få det mykje verre om nokre år fram i tid
- Arbeidet med born- og unge bør styrkast ytterlegare og ein bør gjera så mykje ein kan får denne gruppa



# Utvalde innsparingstiltak som er drøfta - Oppvekst

- Auka samarbeid mellom skule, barnehage og PPT og organisering av den spesialpedagogiske hjelpa
- Det har vore ein stor auke i skuleskyss dei siste 4 åra på 2,6 millionar frå kr. 6,3 millionar til 8,8 millionar. Tiltak kan vera å organisera betre eller reforhandla avtalar
- Redusera IKT-bruk
- Meir systematisk arbeid når det kjem gjesteelevar, sikra at administrasjon veit om elevane og at me får dekkja alle utgiftene skulane har.
- Meir systematisk arbeid når det kjem til flyktningar med særskilte behov, særleg når det gjeld informasjon ut til leiinga om å melde inn slike behov slik at det er mogleg å søke om støtte for desse
- Det er behov for å starta vurdering av strukturendringar innan skule og barnehage

Generell tilbakemelding frå Oppvekst:

**Tiltaka vert opplevd som krevjande, men leiarar og tilsette ynskjer å bidra til å  
få heradsøkonomien i balanse**

# Oppfølging vedtak HST 21.03.24

- Midlar til ENØK og flaum
  - Vedtak HST 21.03.24: «Tilskot til Enøk- og lokale flaumtiltak vert vidareført med 4 millionar. Dette vert finansiert ved å halvera løyvinga til Såkornfondet i 2024, og ta dette over to år»
  - Vurdering:
    - Tilskot har i stor grad dekkja allereie påløpte utgifter
    - Administrativt krevjande
  - Stort behov for ENØK-tiltak i eigne bygg
  - Mål: Redusert Energibruk/reduert kostnad
  - Tiltak: Solskjerming, byte vindauge, etterisolering, fornye varmekjelder, ljósbyte.
- Døme: Over til led på heile Voss sjukeheim – halvert forbruk (reduert energiforbruk med 142 000 kwh pr år)

# Oppfølging vedtak HST 21.03.24

- «Heradsstyret må og få ei oversikt over kostnader til ikkje-lovpålagt drift som kan bidra til reduserte kostnader på kort og lang sikt»
  - [kommunens-lovpaalagte-oppgaver-og-tjenester-2021-kf.pdf](#)
- «Ein skal unngå reduksjon i brukarnære tenester så langt som råd er, og søkja å finna rom for innsparing knytt til administrasjon, prosjekt og anna, ikkje lovpålagt aktivitet»
  - Leiing og støtteressursar til leiarar
  - Tenesteutvikling og særskilde satsingar
  - Driftsprosjekt er ofte medfinansiert av eksterne
  - Fjerne løyvingar som fremjar attraktivitet?

# Omstilling

- Tenestetilbod – må dimensjonerast etter behov og tilgjengelege ressursar
- Utgiftsnivået er for høgt – mindre endringar vil ikkje vera tilstrekkeleg for å ha ein berekraftig økonomi
- Vurdera strukturendringar – skule og barnehage
  - Drift og investering
  - Større einingar gjev meir handlingsrom
- Tenestetilbod- korttids- og langtidsplassar
  - Dimensjonera opp og ned plassar etter behov